Vestland fylkeskommune

Avdeling for
**Infrastruktur og veg (INV)**

| | |
|---|---|
| **Dato** | 11.02.2022 |
| **Vår referanse** | 2022/11410-2 |
| **Dykkar referanse** | |
| **Sakshandsamar** | Janne Grønli |
| **E-post** | Janne.Gronli@vlfk.no |
| **Telefon** | 48024186 |

HARALD HAUFF ULVESTAD
HAXTHAUSENS GATE 2
0263 OSLO

# Løyve til utvidet bruk av avkjørsel - Fv. 5606 - gnr. 333 bnr. 1 - Sogndal kommune

Vi viser til søknad motteke 31.01.2022.

## Bakgrunn

Jamfør uttale fra Vestland Fylkeskommune i brev datert 22.10.2021 med ref. 2021/44996-5, er det ynskje om å etablere steinbrygge/-molo og flytebrygge på gnr. 333 bnr 1 i Sogndal kommune. De som får tilgang til steinbrygge/-molo ved sjøen har parkering på egen tomt like ved, så det blir kun en liten økning i trafikkmengde av personbiler og evt. traktor. Utvidelse av avkjøring gjøres i samråd med eier av gnr. 333 bnr. 25.

## Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsle frå fylkesveg 5606 til molo/flytebrygge gnr. 333 bnr. 1 i Sogndal kommune.

Avkøyrsla er ikkje lovleg før den er endeleg godkjent av Vestland fylkeskommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

## Vilkår for løyvet

1. Avkøyrsla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan vedlagt søknad, datert 31.01.2022. I tillegg skal ein følgje *Krav til utforming av avkøyrsle,* som ligg ved.

2. Løyvet gjeld utvida bruk av avkøyrsle.

3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.

4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsle, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

5. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vera tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Røyret må ha ein dimensjon som er tilstrekkeleg for å handtere venta vassmengder på staden. Sjå *Krav til utforming av avkøyrsle*.


| Postadresse | Telefon | E-post | Heimeside | EHF-Fakturaadr. | Organisasjonsnr. |
|---|---|---|---|---|---|
| Postboks 7900<br>5020 Bergen | 05557 | post@vlfk.no | www.vestlandfylke.no | 821311632 | 821 311 632 |

6. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

7. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle* underskrivast og sendast i retur for endeleg godkjenning.

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarslingfår

https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/loyve-og-dispensasjonar/grave-og-framforingsloyve/

Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsle frå.

får god sikt i begge retningar. I rammeplanen ligger vegen i den lågaste haldningsklassen, dvs. den minst strenge som vert nytta på vegar med lokal funksjon. Fartsgrensa er 80 km/t og ådt er under 300. Samla sett vurderar vi det til at trafikksikkerheita vert betre på staden når avkøyrsla vert utbetra, på tross av auka trafikk i avkøyrsla.**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

| | |
|---|---|
| **Susanne Stølheim Aasen** | **Janne Grønli** |
| overingeiør | overingeniør |
| INV - Forvaltning Vestland | INV - Forvaltning Vestland |

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

**1 Prinsippskisse+avkøyrsle+Ulvastad**

**2 Melding+om+opparbeidd+avkøyrsle.ulvastad**